



## Møteprotokoll for Bjørgvin bispedømeråd

**Møtedato:** 15.12.2015

**Møtestad:** Bjørgvin bispedømekontor

**Møtetid:** 09:00 - 16:00

**Møtedeltakarar**

Berit Nøst Dale

Egil Morland

Halvor Nordhaug

Inger Helene Thingvold Nordeide

Ivar Braut

Julie Ane Ødegaard

Kari Synnøve Muri

Nils Dagestad

Tone Synnøve Øygard Steinkopf

**Råd**

BJØ

BJØ

BJØ

BJØ

BJØ

BJØ

BJØ

BJØ

BJØ

**Følgande varamedlem møtte**

Ingmar Ljones

**Råd**

BJØ

### Saksliste

Saksnr	Tittel	Gradering
073/15	Godkjenning av innkalling og saksliste	
074/15	Godkjenning av møtebok	
075/15	Tilsetting av spesialprest i Nordhordland prosti med Alversund, Seim og Lygra sokn som tenestastad	Personalsak
076/15	Ledig tilskot til diakonstilling – Omdisponering av ressurs	
077/15	Retningslinjer for handsaming av konfliktsaker	
078/15	Retningslinjer for hansaming av mobbe- og trakaseringsaker	
079/15	Oppnemning og mandat for Rekrutteringsutval	
080/15	Lærdal sokneråd - søknad om godkjenning bruk av fond	
081/15	Høyring - Liturgisk musikk	
082/15	Justering av oppnemningsperiode i Kirkens Nødhjelp sitt representantskap	
084/15	Orienteringer	
086/15	Oppnemning av styre- og varamedlemmer til Stiftelsen Bjørgvin Familierådgivning	

## **073/15: Godkjenning av innkalling og saksliste**

### **Behandling:**

Saker som inneholder opplysninger som er taushetsbelagte, blir behandlet for lukkede dører. Dette gjelder alle tilsettingssaker.

Spørsmål om en sak skal være taushetsbelagt, behandles også for lukkede dører.

### **Vedtak:**

Innkalling og saksliste vert godkjende.

Følgjande saker vert handsama for lukka dører: 075/15

---

## **074/15: Godkjenning av møtebok**

### **Vedtak:**

Møtebok for møtet 19.10.2015 vert godkjent slik ho ligg føre.

---

## **075/15: Tilsetting av spesialprest i Nordhordland prosti med Alversund, Seim og Lygra sokn som tenestestad**

### **Vedtak:**

Bjørgvin Bispedømmeråd tilset på faste vilkår i stillinga som spesialprest i Nordhordland prosti, stillingskode 1465, med Alversund, Seim og Lygra sokn som tenestestad

1. Torbjørn Sæle
2. Kari Burke-Romarheim
3. Hanne Kanchan Zimmermann Ølberg

---

## **076/15: Ledig tilskot til diakonstilling – Omdisponering av ressurs**

### **Behandling:**

Punkt 3 i forslag til vedtak blei tatt ut.

### **Vedtak:**

1. Askøy kyrkjelege fellesråd får 50 % statleg tilskot til diakonstilling fom. 1.1.2016 under føresetnad av lokal stønad til stillinga tilsvarande 50 % stilling.

2. Om det blir tilsett ikkje-utdanna diakon i stillinga (diakoniarbeidar med 3-årig helse/sosial/pedagogisk utdanning eller tilsvarande kompetanse som kan leie fram til godkjend tittel som diakon) blir tilskotet gitt under føresetnad av at arbeidstakar innan fire år gjer seg ferdig med si diakonutdanning på heiltid/ deltid. Om føresetnadene ikkje vert oppfylt vil tilskotet verte redusert til 37,5 % statleg tilskot.

Samrøystes vedtak

---

## **077/15: Retningsliner for handsaming av konfliktsaker**

### **Vedtak:**

1. Bjørgvin bispedømeråd vedtek «Retningsliner for handsaming av konfliktsaker» slik dei ligg føre frå Personalutvalet.
2. Bjørgvin bispedømeråd gjev administrasjonen fullmakt til å inngå samarbeidsavtalar med fellesråda rundt retningsliner for handsaming av konfliktsaker.

Samrøystes vedtak

---

## **078/15: Retningsliner for handsaming av mobbe- og trakasseringssaker**

### **Vedtak:**

1. Bjørgvin bispedømeråd vedtek Retningsliner for handsaming av mobbe- og trakasseringssaker slik dei ligg føre frå Personalutvalet.
2. Bjørgvin bispedømeråd gjev administrasjonen fullmakt til å inngå samarbeidsavtalar med fellesråda rundt felles retningsliner for handsaming av mobbe- og trakasseringssaker.

Samrøystes vedtak

---

## **079/15: Oppnemning og mandat for Rekrutteringsutval**

### **Vedtak:**

1. Bjørgvin bispedømeråd oppnemner følgjande medlemmer til Bjørgvin bispedømeråd sitt rekrutteringsutval:  
Leiar: Knut Magne Nesse  
Sekretær: Ingrid Nyhus  
Medlem: Cathrine Waaler Halstensen  
Medlem: Maria Tveten  
Medlem: Arnt Johan Vistnes  
Medlem: Bård Hallesby Norheim  
Medlem: Hans Petter Dahl

2. BBDR vedtek mandatet til Rekrutteringsutvalet slik det ligg før

**Mandat:**

1. Utvalet skal vere ei tankesmie som skal arbeide ope og breidt omkring rekruttering til kyrkjeleg teneste.
2. Utvalet skal kome med ein rapport som skal innehalde både langsiktige mål, systematisering av dei tiltaka bispedømerådet allereie har, og foreslå konkrete nye tiltak. Målet er konkrete innspel til budsjett og årsplan for 2017 og 2018.
3. Utvalet skal sjå på rekrutteringstiltaka slik dei ligg føre i bispedømerådet si verksemd i dag. Vidare kome med endringsforslag til kva tiltak ein bør ha i eit framtidig årshjul.
4. Utvalet bør også ha kontakt mot Kyrkjerådet sitt arbeid på området, og innhente kompetanse der ein finn det tenleg.
5. Utvalet har mål om å kunne levere ein plan til bispedømerådet innan 1.1.2017.

Samrøystes vedtak

---

## **080/15: Lærdal sokneråd - søknad om godkjenning bruk av fond**

**Vedtak:**

I samsvar med søknad og med atterhald om at det ikkje er i strid med testamentet godkjenner Bjørgvin bispedømeråd godkjenner Lærdal sokneråd sin bruk av kapitalen i Anna og Sigrid Mo sitt fond, beløp stort kr 442.838.

Samrøystes vedtak

---

## **081/15: Høyring - Liturgisk musikk**

**Vedtak:**

Bjørgvin biskop og bispedømeråd gjev felles høyringssvar på den prinsipielle delen av høyringa om liturgisk musikk. Ein er samd i prinsippet om at ein skal ha "ei avgrensa mengd med liturgisk musikk, som utgjer hovudseriane". Ein går inn for normalseriar som hovudregel slik at den faste gudstenestemusikken kan bli kjent og at kyrkjegjengarar kan kjenna seg igjen og delta når dei er til gudsteneste ulike stader. Ein støttar og at det er serier for festtid og fastetid som eit alternativ til dei kyrkjelyder som har gudsteneste kvar søndag og difor ofte nok til at kyrkjelydane kan læra seg faste- og festmelodiane.

Av dette fylgjer at ein meiner dei faste seriane bør vera obligatoriske og at ein berre i særskilde høve kan nytta annan liturgisk musikk i hovudgudstenesta. Det er nok at biskopen får årlig melding om det og kva slags særskilt høve det er. Det er ikkje til hinder for at ein på andre gudstenester kan nytta annan musikk.

Tre allmenne hovudseriar pluss ein fasteserie og ein festserie, totalt fem, er eit passe tal.

Ein bør kunne nytta ein musikkserie utanom dei fem hovudseriane berre ved særskilde høve.

Vårt inntrykk er at alle seriane er fine og sangbare og godt egna som faste seriar.

Samrøysstes vedtak

---

### **082/15: Justering av oppnemningsperiode i Kirkens Nødhjelp sitt representantskap**

#### **Vedtak:**

Bjørgvin bispedømmeråd oppnemner til Kirkens Nødhjelp sitt Representantskap for perioden f.o.m. frå Representantskapsmøtet i mai 2016 til Representantskapsmøtet i mai 2020 (4 år) desse to:

Medlem: Ivar August Bye

Varamedlem: Hege Feet Askvik

Samrøystes vedtak

---

### **084/15: Orienteringar**

---

### **086/15: Oppnemning av styre- og varamedlemer til Stiftelsen Bjørgvin Familierådgivning**

#### **Vedtak:**

Bjørgvin bispedømmeråd oppnemner Ragnar Tvinnereim og Jannicke M. Hana som styremedlemmer i Stiftelsen Bjørgvin Familierådgivning for perioden 2016-2019.

Torbjørn Fjøren og Kari Kaland Vestbøstad vert oppnemnde som varamedlemer til styret for same periode.

Samrøystes vedtak